



## BARNEOMBUDET

Arbeids- og sosialdepartementet  
Postboks 8019 Dep

0030 Oslo

Vår ref:  
18/01468-2

Saksbehandlar:  
Camilla Kayed

Dato:  
7. februar 2019

### Svar på høyring om endringar i reglane for rett til barne- og ektefelletillegg

Barneombodet meiner det er eit viktig tema som tas opp i høyringa. Barn som blir etterleitne i utlandet mot sin vilje har få moglegheiter til å kome tilbake mot foreldra sin vilje, og det er viktig at vi gjer åtgjerder for å hindre at det skjer.

Departementet viser til Stortinget sitt vedtak nr. 78 der Stortinget ber regjeringa greie ut om det kan settes i verk stans i utbetaling av fleire offentlege utgifter i desse tilfella.

Barneombodet vil gjerne streke under ordet utredning som er brukt i teksten. I dette ligg det at man ikkje skal fremje forslag utan å ha greia ut saken.

Departementet viser til barnekonvensjonen artikkel 3 og at barnets beste må bli tatt vare på når dei fremjar forslaget. I staden for å gjere ein vurdering av barnets beste, hoppar departementet rett til konklusjon om at ansvaret for barn sin levestandard ligg hos foreldra og at Norge oppfyller sine forpliktingar gjennom ordningar som tar utgangspunkt i barn sine behov.

Barneombodet meiner at barnekonvensjonen må vere ein større del av grunnlaget for alle lov- og forskriftsendringar som vedkjem barn og unge. Barnekonvensjonen er blant dei internasjonale menneskerettane som Noreg har forplikta seg til å etterleve. Det følgjer av menneskerettslova §§ 2 og 3 at barnekonvensjonen gjeld som norsk lov, og at konvensjonen ved motstrid går framfor norsk lov.

Barnekonvensjonen skal sikre dei grunnleggande menneskerettane til barn og unge. Etter barnekonvensjonen artikkel 4 er staten pålagt å setje inn alle eigna tiltak for å sikre barnerettane. Barnekomiteen har uttalt at det er nødvendig å utvikle eit barnerettsperspektiv i heile statsforvaltninga, blant dei folkevalde og i domstolane, for å få til ein effektiv gjennomføring av heile konvensjonen. Det gjeld særleg dei gjennomgåande prinsippa i artikkel 2, 3, 6 og 12.<sup>i</sup> Om omsynet til det beste for barnet i artikkel 3 seier barnekomiteen dette:

*«Ethvert organ og enhver institusjon innenfor den lovgivende, den utøvende og den dømmende makt skal anvende prinsippet om barnets beste gjennom en systematisk vurdering av hvordan barns rettigheter og interesser blir eller vil bli berørt av deres beslutninger og handlingar – av for eksempel en foreslått eller eksisterende lov eller politikk eller administrativ handling eller domstolsavgjørelse [...]».ii*

Postadresse:  
Postboks 8889  
Youngstorget  
0028 OSLO

Besøksadresse:  
Karl Johans gt. 7  
0154 OSLO

E-post:  
post@barneombudet.no  
Tlf: 22 99 39 50  
Org.nr: 971 527 765



[www.barneombudet.no](http://www.barneombudet.no)

Barneombodet meiner at når Noreg har inkorporert konvensjonen, så er ein del av implementeringa at vi vurderer lovforslag som gjeld barn opp mot barnerettane. Slik sikrar vi at nasjonal lovgiving er i tråd med konvensjonen. Dette gjeld særleg det beste for barna i artikkel 3.

Vi kan ikkje sjå at departementet har gjort denne vurderinga i høyringa. Ein del av vurderinga av barnets beste ved dette forslaget ville etter vårt syn vore å greie ut for om erfaringar med å ta barnetrygda frå foreldra har bidratt til at barn har kome tilbake frå opphold i utlandet. Om det var tilfelle, hadde departementet hatt større grunn til å ta også andre ytingar frå foreldra. Ein annan del av vurderinga kunne vore å gå djupare inn i årsakene til at barn blir etterleuite i utlandet mot sin vilje. Det kan godt hende at dette er eit godt forslag, som vil ha positive konsekvensar for barn. Men Barneombodet kan ikkje ta stilling til eit forslag som ikkje er tilfredsstillande greidd ut. Det blir da ikkje mogleg å sjå kva negative konsekvensar dette eventuelt vil ha for barna det gjeld, og om forslaget er egna for å oppnå målet.

Venleg helsing

Inga Bejer Engh  
barneombud

Camilla Kayed  
fagsjef

Brevet er godkjend elektronisk og har derfor ingen signatur.

---

<sup>i</sup> FNs barnekomité (2003) *Generelle tiltak til gjennomføring av Konvensjonen om barnets rettigheter (artiklene 4 og 42 og artikkel 44 nr. 6). Generell kommentar nr. 5.* CRC/GC/2003/5.

<sup>ii</sup> Ibid side 4